



Reidar Fyllingsnes
St. Hanshaugen 2
5200 OS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7299 - 22/85935

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
11.11.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 214/2 Fyllingsnes


Tiltak: Arealoverføring og dispensasjon
Byggjestad: Gbnr 214/2
Tiltakshavar: Thomas Borsholm
Heimelshavar: Reidar Fyllingsnes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 07.10.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Areallet er omfatta av omsynsone for Ras- og skredfare i kommunedelplan for Lindås. I følgje punkt 4.1.3 i føresegnene til planen går det fram at før det kan gjevast løyve til mellom anna arealoverføring, skal det gjerast ei geologisk vurdering av risiko for ras. Slik vurdering må leggjast fram.



Utsnitt av kommunedelplanen. Skredzone markert med raud skravur.

Kommunen ber om at tilleggsmelding vert sendt inn samla innan 31.12.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Videre saksgang.

Når etterspurd informasjon er motteken vert saka sendt over til landbruksavdelinga i kommunen for handsaming av deling etter jordlova. Parallelt med dette vert saka sendt til uttale til eksterne partar slik som Statsforvaltaren. Om det vert gjeve løyve til deling etter jordlova, og fristen for eksterne partar til å komme med uttale er ute, vert søknaden teken til handsaming etter plan- og bygningslova (Pbl).

Dersom det vert gjeve avslag etter jordlova kan søkjar velje å be om at handsaming etter Pbl vert utsett til eventuell klage på jordlovsvedtaket er ferdig handsama. Alternativ kan ein trekkje saka og med det spare gebyrutgifter i forhold til full handsaming etter Pbl.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med venleg helsing

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Reidar Fyllingsnes
Thomas Borsholm

St. Hanshaugen 2
Øvsttunvegen 24b

5200 OS
5223 Nesttun